

# Årsmelding 2007 for Glomsdalen beitelag BA

Årsmelding ble avholdt på Glomnes fredag 02.11.07 .

Beitelaget har eit nytt år bak seg med mykje dyr i Glomsdalen.

Vi hadde første sauene til fjells ca 20/5 og dei siste kom heim i desse dager.

I år slepte vi 209 sauer og 363 lam på beite og vi fekk heim 201 sauer og 343 lam. Dette bør bli 8 tapte sauer og 20 tapte lam. ( ca 4 % tap på vaksne og ca 6% av lamma )

Dei som har størst tapstall er dei som slepper først og går lengst heime i dalen – kan det være dei minste lamma som stryk med tidlig i sesongen eller er det pga.at dei går litt lavare i terrenget ( i skogen med flugemakk o.l ) ?

Det er og registrert jervespor i beiteområdet , og 1 sau er påvist jerveskadd -denne sauen blei avliva på staden.

Laget består i år som ifjord av: Alf Terje Glomnes , Lars Helge Øvreflo Kveen , Gunnar Hjelle og Nils Olav Nesje.

Vi har ikkje hatt nokon organiserte samlingar som styremøter, felles sanking eller arbeid i fjellet. Men vi har likevel nokre timar kvar for oss med og holde stiar framkomlege , ettersyn og sanking. Totalt har vi registrert 23 dagsverk. I tillegg til dette har vi jevnlig kontakt via telefon eller at vi treffast så det har ikkje vore nødvendig med fellesmøte.

Vi har ikkje fellessanking fordi sauene våre går «kvar for seg» i kvar sine områder.

Vi har litt penger på konto som vi sparer til bruer over småelvane i dalen. Vi vurderer også ei ny bru over Glomsdøla ved Nos. Den gamle vart teka av ras for nokre år sidan.

Vi har ikkje hatt nokon utgifter .

Laget disponerer kontonr. 3705.09.52879 og har pr.1/11-07 kr 4968.- på bok

For Glomsdalen beitelag

Alf Terje Glomnes